



2019

## HEMSEDAL KOMMUNE



## **INNHOLD**

<b>0. INNLEIANDE .....</b>	<b>1</b>
<b>1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET .....</b>	<b>2</b>
<b>1.1 RÅDMANNEN MED STAB: .....</b>	<b>4</b>
<b>1.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 HELSE OG OMSORG:.....</b>	<b>4</b>
<b>1.4 TEKNISK.....</b>	<b>4</b>
<b>2. ØKONOMIPERSPEKTIVET .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SVANGERSKAP OG SJUKDOM - HOVUDOVERSYN.....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.3 HELSE OG OMSORG: .....</b>	<b>7</b>
<b>2.1.4 TEKNISK.....</b>	<b>8</b>
<b>2.2 ANDRE KOSTNADER (11000:14289,14291:14999) .....</b>	<b>9</b>
<b>2.2.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....</b>	<b>9</b>
<b>2.2.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>10</b>
<b>2.2.3 HELSE OG OMSORG: .....</b>	<b>11</b>
<b>2.2.4 TEKNISK.....</b>	<b>11</b>
<b>2.2.5 FINANS – ANNA .....</b>	<b>11</b>
<b>2.3 INNTEKTER (16000:17089,17102:17289,17291:17999,18001:18699,18701:18739,18741:18749,18751:18999) .</b>	<b>12</b>
<b>2.3.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....</b>	<b>12</b>
<b>2.3.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>12</b>
<b>2.3.3 HELSE OG OMSORG: .....</b>	<b>13</b>
<b>2.3.4 TEKNISK.....</b>	<b>14</b>
<b>2.3.5 FINANS - ANNA .....</b>	<b>14</b>
<b>2.3.6 FRIE INNTEKTER – SKATT OG RAMMETILSKOT .....</b>	<b>14</b>
<b>2.3.7 EIGEDOMSSKATT .....</b>	<b>16</b>
<b>2.4 INVESTERINGAR .....</b>	<b>17</b>
<b>3. SPESIELLE HENDINGAR.....</b>	<b>18</b>
<b>3.1 RÅDMANNEN MED STAB: .....</b>	<b>18</b>
<b>3.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>18</b>
<b>3.3 HELSE OG OMSORG:.....</b>	<b>18</b>
<b>3.4 TEKNISK.....</b>	<b>18</b>
<b>4. VEDTAK .....</b>	<b>19</b>
<b>4.1 KOMMUNESTYRET: .....</b>	<b>19</b>
<b>4.2 FORMANNSKAPET .....</b>	<b>19</b>
<b>4.3 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS .....</b>	<b>19</b>
<b>4.4 HOVUDUTVAL FOR LIVSLØP.....</b>	<b>19</b>

<b>5. RÅDMANNEN SINE KONKLUSJONAR PR. 2. TERTIAL.....</b>	<b>20</b>
<b>5.1 MEDARBEIDARPERSPEKTIVET .....</b>	<b>20</b>
<b>5.2 ØKONOMIPERSPEKTIVET .....</b>	<b>20</b>
5.2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SJUKDOM OG SVANGERSKAP .....	20
5.2.2 ANDRE KOSTNADER.....	20
5.2.3 ANDRE INNTEKTER .....	20
5.2.4 INVESTERINGAR .....	20
5.2.5 FORVENTA RESULTAT 2019.....	21
<b>5.3 SPESIELLE HENDINGAR .....</b>	<b>22</b>
<b>5.4 LØPANDE OPPFØLGJING AV VEDTAK .....</b>	<b>22</b>

## 0. INNLEIANDE

### Tertialrapport – bakgrunn:

Tertialrapporten er meint å vere ein rein avviksrapport der det som ikkje er kommentert må reknast med å vere under kontroll. Rapporten er utarbeidd på så grovt nivå som mogeleg.

Ingen avvik
Avvik, men under kontroll
Avvik, sak til kommunestyret

### Tertialrapport – oppbygging:

Det blir rapportert på følgjande nivå:

- Medarbeidarperspektivet
- Økonomiperspektivet
  - Løn
  - Andre kostnader og inntekter
  - Vesentlege postar utanfor kommunen sin kontroll
- Investeringar
- Spesielle hendingar
- Vedtak

### Definisjon av vesentleg avvik:

Rådmannen definerer vesentleg avvik som at Kommunestyret hadde fatta anna avgjerd eller vedtak om dei hadde visst om avviket.

### Tertialrapport som ledd i anna rapportering:

Tertialrapporteringa er ei samling av informasjon frå månadsrapportering, men som ein sum pr. april og pr. august. Perioderapportane tek sikte på å gje signal om ev. naudsynte justeringar av drift, medan årsmeldinga rapporterer historiske avvik. Dess lengre ut i året ein kjem, dess vanskelegare blir det å justere drift.


Kommunestyret skal ha melding om det som ikkje er gjort etter forventningane (eller som er gjort meir enn planen), årsaka til avviket og eige vurdering av kor alvorleg avviket er og om dette kan løysast administrativt.

### Anna:


Frå og med tertial 2 for 2019 vil tertialrapporten bli sendt til hovudutvala som meldingssak.

## 1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Korttidssjukefråvær 2017 - 2019, månad for månad (fråvær 1-16 dagar):



Langtidssjukefråvær 2017 - 2019, månad for månad



**Kommentarar:**

Sjukefråvær reknast med følgjande begrep:

- Korttidsfråvær – 1–16 dagar
- Langtidsfråvær – >= 17 dagar

Det er dei korte fråværa som gjer størst utfordring for kommunen, særskilt for dei verksemde som har 24/7-aktivitet.

Det totale sjukefråværet for heile kommunen i perioden januar – august har vore på ca. 6,9 %. Det er relativt lågt samanlikna med mange andre kommunar. Det er likevel store variasjonar mellom avdelingane og arbeid med sjukefråveret har høg prioritet i heile organisasjonen.

Korttidsfråværet er særslig lågt, som det brukar å vere på sommaren.

## 1.1 Rådmannen med stab:

Gjennomsnittlig fråvær pr. august er totalt på 4,3 %. Alt er langtidsfråvær. Fråværet er ikkje relatert til arbeidsmiljø.

## 1.2 Kultur og oppvekst:

Gjennomsnittlig fråvær pr. august er 8,0 %. 0,6 % er korttidsfråvær og 7,4 % er langtidsfråvær.

Vi kjenner til at det er arbeidsrelatert sjukefråvær, men dette er lågt 0,2%. Årsaka er arbeidet sin art og høgt press.

## 1.3 Helse og omsorg:

Det totale gjennomsnittlige fråværet er rekna til 7,1 % pr. august. Av dette er 0,7 % korttidsfråvær

### HELSE:

Ut frå det vi har kjennskap til, er det eit sjukefråvær i helse som er arbeidsrelatert og skuldast stort arbeidspress. Resten kjem av skader og sjukdom som ikkje er jobbrelaterte, samt planlagde operasjonar.

### OMSORG:

Arbeidspresset på Bygdaheimen har vore veldig stort, med et gjennomsnittlig belegg på 101,6 % i 2019. Det har vore fleire og dårlegare pasientar og vi har ein auke i personar med kognitiv svikt, som utagerande åtferd, som gjør arbeidsdagane utfordrande. Vi ser en tendens til auka sjukefråvær på grunn av dette. Vi tek dette på alvor og leiarane i dei aktuelle avdelingane arbeider med fleire tiltak som kan bidra til å takle situasjonen.

## 1.4 Teknisk

Det totale gjennomsnittlige fråveret pr. august er rekna til 4,3 %. Av dette er 0,7 % korttidsfravær.

Det er ikkje arbeidsmiljørelaterte fråvær. Noko av fråveret er vanskeleg å erstatte med vikarar, eller gjennom omfordeling av oppgåver. Konsekvensen er at ein del oppgåver vert sett ut i tid.

## 2. ØKONOMIPERSPEKTIVET

### 2.1 Løn korrigert for refusjon svangerskap og sjukdom - hovudoversyn

**Meirforbruk pr. august (sosiale kostnader kjem i tillegg):**

Verksemrd – rapportering	Kode avvik	Prognose + meirforbruk	Forklaring til avvik:
Barnehage	Yellow	+1.023.000	2.1.2
Skule inkl. adm. og kulturskole	Red	+1.674.000	2.1.2
Helse	Yellow	+908.000	2.1.3
Omsorg	Red	+2.654.000	2.1.3

**Mindreforbruk pr. august (sosiale kostnader kjem i tillegg):**

Verksemrd – rapportering	Kode avvik	Prognose + meirforbruk	Forklaring til avvik:
Rådmann med stab	Green	-383.000	2.1.1
Teknisk	Green	-484.000	2.1.4

#### Generelt om løn:

Dei ymse verksemndene søker nokre gonger om prosjektmidlar til forskjellige føremål. Det er faktisk slik at statlege myndighetar «pushar» tilskotsmidlar. Frå 2019 er det slik at rådmannen skal godkjenne slike søknader ettersom prosjekt fort kan påverke korleis kommunen driv.

Slike tilskot kan bli gitt før prosjektet blir satt i gong, og prosjektmidlar kan bli nytta over fleire år. Hemsedal kommune budsjetterer ikkje refusjonar og tilskot til prosjekt (inntekter), men budsjetterer heller ikkje kostnadene som høyrer til prosjektet. Dette vil kunne bidra til noko meirforbruk, men er lett å forklare. Eit slikt meirforbruk er ikkje kritisk.

Prosjektmidlar vil alltid føre til avvik når det gjeld rapportering på løn.

#### Kommentarar:

Avvik som ikkje blir kommentert må reknast med er under kontroll.

##### 2.1.1 Rådmannen med stab:

Alle stillingar er besett, men staben har ein person i uløna permisjon med 40 %. I tillegg NAV-refusjon for sjukdom.

##### 2.1.2 Kultur og oppvekst:

Det er fleire av verksemndene som har eit meirforbruk og det vert difor gjort fleire grep for å redusere overforbruket, denne hausten. Noko av meirforbruket skuldast prosjektmidlar som kjem inn gjennom året eller som har komme inn tidlegare år og er sett av til bundne fond. Mesteparten av meirforbruket skuldast nye utfordringar knytt til einskilde brukarar.

I tillegg gjer lønsoppgjeret noko med omsyn til meirforbruket.

Barnehagane:

212.000 av meirforbruket er knytt til prosjektmidlar som har ekstern finansiering. Den eksterne finansieringa vil gje meir inntekter, men samstundes vil også kostnadene halde fram.

Det vart nytta lærlingar fram til og med juni – kostnad nær 190.000 kroner. Lærlingane vil bli overført til skulen frå august. Lærlingane var ikkje budsjettert og er difor ein del av meirforbruket.

212.000 av meirforbruket er knytt til prosjektmidlar som har ekstern finansiering. Den eksterne finansieringa vil gje meir inntekter, men samstundes vil også kostnadene halde fram.

Det vart nytta lærlingar fram til og med juni – kostnad nær 190.000 kroner. Lærlingane vil bli overført til skulen frå august. Lærlingane var ikkje budsjettert og er difor ein del av meirforbruket.

I tillegg vil lønsoppgjeret for 2019 vere del av forklaringa, dette blir retta opp frå sentral post når heile lønsoppgjeret er gjennomført. Det var eit dyrt lønsoppgjer for kommunane.

Rekna meirforbruk som ikkje har forklaring anna enn ved auka aktivitet pr. august er om lag 600.000!

Grunnskulen:

400.000 kroner av meirforbruket gjeld prosjekt «auka lærartetthet m.m.» og har ekstern finansiering. Det er komme inn om lag 685.000 i refusjon til formålet. Resterande kompensasjon vil bli nytta til hausten.

Kostnader til kompetanseløft har ein konsekvens for lønskostnadene, men har ekstern finansiering.

Det er eit aukande tal barn og unge som må ha særskilt tilrettelegging på grunn av helseutfordringar. Dette vil bli forsøkt synleggjort i budsjett 2020. Budsjetta vil normalt ikkje ha reserver for situasjonar som kan dukke opp underveis i eit undervisningsår.

I tillegg vil lønsoppgjeret for 2019 vere del av forklaringa, dette blir retta opp frå sentral post når heile lønsoppgjeret er gjennomført. Det var eit dyrt lønsoppgjer for kommunane.

Rekna meirforbruk som ikkje har forklaring anna enn ved auka aktivitet pr. august er om lag 650.000!

### 2.1.3 Helse og omsorg:

#### **KE/Stab:**

Meirforbruket gjeld tilsetting av kommunepsykolog. Dette er en kostnad som kan føres til prosjekt, da kommunen har mottatt offentlige prosjektmidler for 2019, som også kan nytties i 2020. Kostnaden vil også fordeles på de andre Hallingdalskommunene. Kommunen har valgt å ikke erstatte en 50% stilling i psykisk helse for å dekke inn lønnskostnaden etter endt prosjekt.

#### **Helse:**

##### Legeteneste:

Tidlegere har legane fått vintertillegget på totalt 200 000 utbetalt året etter, men vi har no justert dette slik at det er utbetalt 2 x 200.000 i 2019, slik at det blir regnskapsmessig ført på riktig år

Meirforbruket på løn til medarbeidarane på legekontoret skyldast lange arbeidsdagar, i hovudsak pga turistar

##### Psykisk helse:

Meirforbruk skuldast bruk av prosjektmidlar som har ekstern finansiering.

##### Helsestasjonen:

Meirforbruk skuldast bruk av prosjektmidlar som har ekstern finansiering.

##### Fysioterapi:

Noko meirforbruk som følgje av auke i satsen for driftstilskot for to ikkje-kommunale fysioterapeuter. Det skal følgje statstilskot til desse.

Rekna meirforbruk som ikkje har forklaring anna enn ved auka aktivitet pr. august er om lag 300.000, som har forklaring i legetenesten.

#### **Omsorg**

##### Bygdaheimen:

- Fortsatt overbelegg på heimen og stort trykk på demensavdelinga, dette har medført eit høgare sjukefråvær, dvs vikarhjelp er leid inn. Dette igjen medfører større belastningar på det faste personalet.
- Fleire brukarar med større utfordringar, som bla må ha ein til ein bemanning i perioder.
- Kommunen har ikkje et dagsenter. Det medfører at demente pasientar, som bor i eigen heim, har dagplass på Bygdaheimen og må passast på av det faste personalet.

**Bråtenjordet:**

Ein brukar som kom inn i vår har behov for mykje avlastning. Brukaren har behov for 2:1 ressurs, dvs. 2 tilsette som er med brukaren samtidig. Det har ført til at lønskostnadene har auka med ei stilling. Meirforbruket på Bråtenjordet vil fortsette å auke ut året som følgje av dette. Tiltaket var ikkje budsjettert då vi ikke hadde kunnskap om dette behovet då busjettet vart utarbeidd. Kommunen har ikkje ledige midlar å ha i reserve til uforutsette tilfeller.

Det blir søkt om statleg støtte til tiltaket.

**Heimetenesten**

Eit belegg på over 100% på Bygdaheimen gir eit stort trykk på heimetenestene. Det har difor vore behov for å ha flerie på jobb for å gje tilstrekkelig omsorgshjelp

Det har vore nødvendig å sette inn ein ekstra vakt på natt for å gje naudsynte tenester til ein bruker.

Rekna meirforbruk totalt for omsorg som ikkje har forklaring anna enn ved auka aktivitet pr. august er om lag 2,5 mill. kroner

**2.1.4 Teknisk**

Ingen vesentlege avvik å rapportere om.

## 2.2 Andre kostnader (11000:14289,14291:14999)

**Totalt – andre kostnader pr. august (Rekneskap pr. august 2019–periodisert budsjett–rekneskap pr. august 2018)**

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNENS DRIFTER	22 287	22 454	20 904	-167	1 383
13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNA	26 045	25 986	24 843	59	1 202
14	OVERFØRINGSUTGIFTER	8 110	6 551	5 062	1 559	3 048
<b>Totalt for kommunen</b>		<b>56 442</b>	<b>54 991</b>	<b>50 808</b>	<b>1 451</b>	<b>5 634</b>

Kommentarar:

Rådmannen har periodisert budsjettet fra 2019 og i den grad ein har treffe med periodisering, samt at kostnadane følgjer vanleg betalingsmønster, så skal ein kunne nytte periodisert budsjett som indikator.

Det er ingen kritiske avvik, men «Bruøyne-brua» er ikkje budsjettert og krev eit konkret vedtak. Det kjem ei endeleg sak til K-styret i nov- desember på denne saka.

### 2.2.1 Rådmannen med stab:

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
1000:1100 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNENS DRIFTER	3 125	3 606	2 519	-481	606
1000:1100 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNA	6 387	6 841	6 453	-454	-65
1000:1100 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	38	1 345	95	-1 307	-57
<b>Rådmannen med stab</b>		<b>9 550</b>	<b>11 792</b>	<b>9 067</b>	<b>-2 242</b>	<b>484</b>

Kommentarar:

Ingen vesentlege avvik

## 2.2.2 Kultur og oppvekst:

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2010,2400 - 10	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	1 922	1 940	1 820	-18	103
2010,2400 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	1 143	1 382	2 241	-239	-1 099
2010,2400 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	2 926	2 321	2 108	605	817
	Skoleadministrasjon, kulturskole m.m.	5 990	5 643	6 169	347	-179
Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2210,2310 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	1 022	615	876	407	146
2210,2310 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	206	0	127	206	79
	Barnehagene i Hemsedal	1 228	615	1 003	613	225
Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2100,2200,2300 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNALEGENPRODUKSJON	2 331	1 271	1 807	1 060	524
2100,2200,2300 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNALEGENPRODUKSJON	769	250	246	519	523
	Skolene i Hemsedal	3 101	1 521	2 054	1 580	1 047

### Kommentarar:

#### Barnehagane:

Kostnadene til kjøp av barnehageplass – privat barnehage i annan kommune vart ikkje fullt ut budsjettert i B 2019. Det vil difor bli eit meirforbruk i 2019.

#### Grunnskulen:

Vi har hatt fleire elevar i fosterheim i andre kommunar. Vi fekk ein uføresett kostnad på nær 500.000 våren 2019. Denne vil auke noko og samla føre til eit avvik på nær 650.000. Samstundes har vi også større inntekter som gjeld barn frå andre kommunar som går på skule i Hemsedal.

Vi vil få auka skysskostnadar for elevar ved grunnskulen for vaksne ved Gol Læringssenter. Dette vert teke høgde for i budsjett 2020. Det er signalisert for høg tilbakeføring frå Læringssenteret dei siste tre åra. Dette må justerast gjennom eit oppgjer.

Gjennom året 2019 er det ein del kostnader som gjeld innkjøp av tenester for spesielle brukarar, desse er ikkje budsjettert fullt ut. Kostnadene vert for ein stor del refundert av andre, men vil gi eit avvik når det gjeld kostnader som vil gi tilsvarande avvik når det gjeld inntekter.

### 2.2.3 Helse og omsorg:

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2510:2630 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	1 484	517	996	967	488
2510:2630 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	1 124	1 426	7 016	-302	-5 892
2510:2630 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	6	0	844	6	-838
	Helse inkl. NAV, barnevern, m.m.	2 614	1 943	8 856	671	-6 242
Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2500,2700:2740 - 10	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	2 767	2 390	2 915	377	-148
2500,2700:2740 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	7 178	6 910	507	268	6 671
2500,2700:2740 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	933	980	558	-47	375
	Omsorg	10 879	10 280	3 980	599	6 898

#### Helse:

Legetenestene:

Betydeleg meirforbruk når det gjeld kjøp av medisinsk forbruksmateriell. Dette blir dekka opp ved betydeleg meir innbetaling eigenandel frå legane.

Budsjett 2020 må ta desse omsyna.

Overføring til andre er inkl. overføring til barnevern og NAV Gol/Hemsedal. Faktura er ikkje motteke og er årsaken til tilsynelatande redusert forbruk.

#### Omsorg:

Ingen kommentarar.

### 2.2.4 Teknisk

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
3010:3400 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	9 636	12 115	9 971	-2 479	-336
3010:3400 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	9 237	9 177	8 252	60	985
3010:3400 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	4 208	1 905	1 456	2 303	2 751
	Tekniske tjenester	23 080	23 197	19 680	-117	3 401

#### Teknisk:

Utgilding av mur ved Skogstadbrua (Fanitullen) har medført ekstraordinære avbøtande tiltak (plastring) med meir kostnad på om lag kr. 400.000,-. Arbeid med produksjonsbrønnen på Krikken er skuvd fram grunna problem med gamle vassbrønnar. Tiltaket er elles i tråd med hovudplan for vatn. Tiltaket ligg til sjølvkostområdet, og vert finansiert med fond. Elles Ingen spesielle avvik å melde.

### 2.2.5 Finans – anna

Kostnadene til renter og avdrag er stort i samsvar med berekna, periodisert budsjett. Hemsedal kommune betaler normalt for lite i avdrag i høve til reglar om minste tillate avdrag, dette blir ev. korrigert mot slutten av året. Rentesatsen er stege noko i vår, for nokre lån betaler vi pr. august 2,15 % rente p.a.

Renter 1.1.2019 – 1,95 % p.a.

Renter 1.8.2019 – 2,15% p.a.

Renter 9.10.2019 – 2,40 % p.a.

## 2.3 Inntekter

(16000:17089,17102:17289,17291:17999,18001:18699,18701:18739,18741:18749,18751:18999)

**Totalt – andre inntekter pr. august (gjeld postar som ikkje blir beskrive andre stader):**

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
Totalt - 16	SALGSINNTEKTER	-24 749	-22 397	-21 830	-2 352	-2 919
Totalt - 17	REFUSJONER	-4 883	-701	-7 153	-4 182	2 270
Totalt - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-5 472	-4 128	-4 230	-1 344	-1 242
	Tekniske tjenester	-35 105	-27 226	-33 213	-7 879	-1 892

Det store avviket gjelder artsgruppe 17 – refusjonar. Dette er i store trekk tilskotsmidlar som kommune søker på og som skal nyttast til prosjekt. Rådmannen ynskjer kontroll med tilskota ettersom dei fører med seg mykje aktivitet som ofte skapar nye behov i tillegg til at oppfølging av prosjekta tek eige ressursar og ofte ein eigenandel frå kommunen.

### 2.3.1 Rådmannen med stab:

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
1000:1100 - 16	SALGSINNTEKTER	-324	-392	-441	68	118
1000:1100 - 17	REFUSJONER	-92	-190	-117	98	25
1000:1100 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-4 930	-4 100	-3 443	-830	-1 488
	Rådmannen med stab inkl. politisk nivå	-5 346	-4 682	-4 001	-664	-1 345

Ingen vesentlege avvik pr. dato.

### 2.3.2 Kultur og oppvekst:

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2010,2400 - 16	SALGSINNTEKTER	-261	-236	-245	-25	-15
2010,2400 - 17	REFUSJONER	-1 486	-23	-1 510	-1 463	24
2010,2400 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-309	0	-14	-309	-295
	Skoleadm., kulturskole m.m.	-2 056	-259	-1 769	-1 797	-287
Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2210,2310-16	SALGSINNTEKTER	-2 856	-2 776	-2 590	-80	-266
2210,2310-17	REFUSJONER	-138	-50	-313	-88	176
2210,2310-18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-189	0	0	-189	-189
	Barnehagene i Hemsedal	-3 183	-2 826	-2 903	-357	-280
Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
2100,2200,2300 - 16	SALGSINNTEKTER	-1 243	-1 370	-1 273	127	30
2100,2200,2300 - 17	REFUSJONER	-1 689	0	-2 017	-1 689	329
	Skolene i Hemsedal	-2 932	-1 370	-3 290	-1 562	358

Skuleadm., kulturskule m.m.

Noko høgare refusjon enn budsjettet, men dette heng saman med prosjektmidlar og meirforbruk løn.

Barnehagane:

Ingen vesentlege avvik pr. dato.

Grunnskulen:

Noko høgare refusjon enn budsjettet, men dette heng saman med prosjektmidlar og meirforbruk løn.

**2.3.3 Helse og omsorg:**

<b>Gruppearter</b>		<b>R 2019-8</b>	<b>B 2019-8</b>	<b>R 2018-8</b>	<b>R 2019-B2019</b>	<b>R 2019-R2018</b>
2510:2630 - 16	SALGSINNTEKTER	-624	-211	-173	-413	-450
2510:2630 - 17	REFUSJONER	-1 066	-651	-1 318	-415	252
2510:2630 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	0	0	-48	0	48
	<b>Helse, inkl. NAV, barnevern m.m.</b>	<b>-1 690</b>	<b>-862</b>	<b>-1 540</b>	<b>-828</b>	<b>-150</b>
<hr/>						
<b>Gruppearter</b>		<b>R 2019-8</b>	<b>B 2019-8</b>	<b>R 2018-8</b>	<b>R 2019-B2019</b>	<b>R 2019-R2018</b>
2500,2700:2740-16	SALGSINNTEKTER	-3 265	-2 773	-3 292	-492	27
2500,2700:2740-17	REFUSJONER	-2 546	0	-2 999	-2 546	453
2500,2700:2740-18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-13	0	-18	-13	5
	<b>Omsorg inkl. koordinerende tj.</b>	<b>-5 824</b>	<b>-2 773</b>	<b>-6 309</b>	<b>-3 051</b>	<b>485</b>

Helse:

Ingen kommentarar

### 2.3.4 Teknisk

Gruppearter		R 2019-8	B 2019-8	R 2018-8	R 2019-B2019	R 2019-R2018
3010:3400 - 16	SALGSINNTEKTER	-16 177	-14 639	-13 815	-1 538	-2 362
3010:3400 - 17	REFUSJONER	-158	-101	-194	-57	37
3010:3400 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-31	-28	-708	-3	677
	Tekniske tjenester	<b>-16 365</b>	<b>-14 768</b>	<b>-14 717</b>	<b>-1 597</b>	<b>-1 648</b>

Det er komplisert å budsjetttere med inntekter innan sjølvkostområdet. Tilkoplingsavgifter innan vatn og avlaup er langt høgare enn budsjettet grunna større byggeaktivitet enn venta. I staden for bruk av fond, ligg det ann til å avsette til fond. Budsjett for vatn på kr. 800.000,- vert truleg kr. 3.300.000,- i 2019, og for avløp har me budsjett på kr. 1.000.000,- som truleg endar på kr. 4.900.000,- i tilkoplingsavgifter.

Det er noko mindre inntekter på plan – dette heng saman med kor raskt kommunen får planane inn til behandling etter oppstartsmøte.

### 2.3.5 Finans - anna


Inntekter frå bankinnskot vil endre seg litt i samsvar med auka rentenivå. Netto-verknad av eit høgare rentenivå skal ikkje bli dramatisk så lenge vi har pengar på bok.

### 2.3.6 Frie inntekter – skatt og rammetilskot

Skatteinntektene blir rapportert månadleg som eigen informasjon til politisk nivå.

Skatteinntekter og rammetilskot må sjåast i samanheng ettersom høgare skatteinntekter særskilt for Hemsedal vil bety lågare rammetilskot i form av skatteutjamning.

#### Skatt:



Diagrammet på førre side syner prognosene for budsjett 2019 sett mot reelle skatteinntekter månad for månad. Dei siste to åra er teke med.

Skatteinntektene pr. august 2019 er 2,0 % høgare enn tilsvarende periode i 2018 og 4,7 % høgare enn prognosene for 2019.

I kroner har vi fått 1,053 mill. kroner meir enn tilsvarende periode i 2018 og 2,43 mill. kroner meir enn prognosene.

Ei viktig presisering her er at ein normalt ikkje veit noko sikkert om skatteinntektene for heile året før desember.


Ei anna viktig presisering er som nemnd i overskrifta; skatteinntektene ikkje utan vidare er kommunen sine inntekter.

#### Rammetilskot:

Hemsedal har pr. august motteke 2,64 mill. kroner meir i rammetilskot enn i tilsvarende periode i 2018.

Prognosene er basert ut frå det som staten gjennom statsbudsjettet meiner kommunen skal få, og prognosene for rammetilskot er mykje høgare enn kva som var rammetilskotet i 2018.

I høve til prognosene for 2019 har Hemsedal kommune pr. august 2019 fått om lag 1,85 mill. kroner mindre i rammetilskot.



#### Generell kommentar – frie inntekter:

Skatteinntektene og rammetilskot må sjåast i samanheng. Så lenge Hemsedal får meir enn skatteinntekter pr. innbygger enn landsgjennomsnittet vil ei auke i skatteinntekter ut over som vart rekna med då statsbudsjettet vart vedteke, bli korrigert i rammetilskotet.

Pr. august har vi fått om lag 2,43 mill. kroner meir i skatteinntekter enn prognosene. Vi har fått 1,85 mill. kroner mindre i rammetilskot enn prognosene.

### 2.3.7 Eigedomsskatt

	R 2019-6	B 2018-6	R 2018-6	R 2017-6	R 2019-B 2019	R 2019-B 2019
Eigedomsskatt	-2 664	-3 200	-2 892	-3 713	536	228

#### Generelt:

Administrasjonen har i samråd med Statnett AS valt å utsetje fakturering av eigedomsskatt til tvistesaken er løyst. Alternativet hadde vore å sette av inntekt til eit fond. Inntektene for 2019 vil ganske truleg bli høgare om tvistesaken blir løyst før nyttår.

## 2.4 Investeringer

Fokus – kostnader (unytta 2018 er ført over til budsjett 2019):

Prosjekt	Prosjekt-navn	R 2019-8	B 2019	Kommentar
004	Avvik brannstasjon, lager/verksted teknisk	246	263	ok
005	Investering bygg jfr plan for vedlikehald/invest	1 289	2 160	ok
007	Veglys	277	1 115	Rest overføres 2020 - se budsjettforklaring 2020
008	Sentralskule med trafikkareal	94	3 205	Rest overføres 2020.
020	Tiltak gamle Venås bru - overtaking og sikring	0	240	ok
025	Bruøyne med friområder	0	100	ok
030	Ombygging vannforsyning i Holdeskaret/Holdebakke	20	0	Feilføring - overføres drift
038	Asfaltering Svø 3 bustadfelt	734	1 550	ok
039	Utbreiling Øynevegen - trafikksikring	0	900	ok
040	Ny modulbarnehage Ulsåk barnehage - handlingsprogr	0	300	Feil ramme - skulle ikke alt over på drift
042	Salg av tomter	4	0	Takst festetomt - føres i drift
046	El-ladestasjon for kommunale biler	118	130	ok
053	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg	296	1 800	ok, rest overføres 2020
056	Utviding av returpunkt Holdebakken	0	2 000	Prosjekt - utsettes 2020
057	Bygdaheimen - Velferdsteknologi - helse - video m.m	0	280	Utsatt til 2020
058	Nytt avløpsanlegg Tuv	132	400	ok
065	Sansehage Bygdaheimen	21	0	Gavefinansiert - rest 2020
094	Utbetring veg Gjuva - Grøndalsveien	0	1 037	ok
108	Høgdebasseng Holdebakken	235	6 000	ok, rest overføres 2020
112	Sal av kommunale boliger	31	0	Skadvin - omkostninger for salg
113	Grunnkjøp	0	11 000	ok, det meste blir overført
114	Grunnkjøp BU7	0	8 943	ok, kan bli overført - forhandlinger
115	Utvikling av bustadfelt BU7	414	2 950	ok, rest overføres 2020
116	Øya Camping	47	0	ok, kan bli overført - forhandlinger
125	Tuv barnehage - leikeplassutstyr	87	75	Gjennomføres - innleid grunnarbeid
132	Sikring av Krikken vannverk	2	0	Feilføring - overføres drift
139	Ny innløpspumpestasjon, utj.og forbehandling på Trø	845	1 351	ok
142	Etablering gang-/sykkelveg Moavegen-Lauparvegen -	30	0	Ramme i F-sak 25/18 - dispfond 1 mil
143	Utbygging Fiskum (Trøim sør)	392	710	ok
149	Utbygging Svø III	575	0	Tilbakekjøp jfr. F-sak
157	Dagsenter, omsorgsbustader m.m.	0	1 000	Utsatt til 2020
160	Rehabilitering ledningsnett (Ulsåk)	0	367	Overføres samla til 2020
164	Energimerking av bygg over 1.000 m <sup>2</sup>	2 240	2 822	ok
180	CIP-anlegg - Ulsåk renseanlegg	600		Er falt ut - skal være ramme på 1,5 mi
				Til gode - er "avsluttet". Sluttrapport avventer siste innbetaling fra hytteeier
228	Utbygging VA-nett Tinden	0	184	
239	Lettere gangvei - Moavegen - Tuv	1 474	2 121	ok
	<b>Totalt</b>	<b>10 203</b>	<b>53 003</b>	

### 3. SPESIELLE HENDINGAR

#### 3.1 Rådmannen med stab:

Taksering av eigedomar held fram. Vi har fått nokre indikasjonar på takstgrunnlaget, men det er hefta med ein del usikkerhet. Rådmannen må likevel nytte desse inn i økonomiplanen med desse føresetnadene.

Valet vart gjennomført med mykje ekstra arbeid for staben. Arbeidet med alle formalitetar rundt nye utval krev som vanleg mykje logistikk og mykje ekstra arbeid. Dette er løyst særskilt godt.

#### 3.2 Kultur og oppvekst:

Skulen og barnehagen hadde ein god oppstart. Alle tilsette i skulane fekk høve til å starte året med eit seminar på Norefjell med overnatting og gode arbeidsøkter. Dette vart finansiert med midlar vi søkte frå direktoratet. Rektorane på alle tre skulane er til dels mykje inne i undervisning denne hausten. Dette kan vera sårbart.

Oppstarten med modulbarnehagen vart forseinka. Leverandøren og Arbeidstilsynet sitt arbeid var årsaken til forseinkinga. Dette var ei ekstra belastning i oppstarten av eit nytt år både for foreldre og tilsette.

#### 3.3 Helse og omsorg:

Bygdaheimen har i 2019 byrja å merke eldrebølga. I 2019 de hatt et gjennomsnittleg belegg på 101,6%. Det er ingen ting som tilseier at belegget vil gå ned i åra framover.

Heimesjukepleien har ca 37% fleire besøk per tilsett i 2019 jamfør 2017. Eit høgt belegg på Bygdaheimen vil medføre meir behov for heimetenester.

Bråtenjordet har fått ein ny brukar som krev 2:1 bemanning. Denne brukaren bur ikkje fast i omsorgbustad.

Prosjektet om felles velferdsteknologi i Hallingdal er no komme meir i gong og ein har valt leverandør.

#### 3.4 Teknisk

Oppfølgjing av K-sak 50/19 – «Bruøyni trebru» i høve utarbeiding av samla prosjektplan, budsjett med finansieringsplan, avtale med Hemsedal Idrettslag og tilråding av byggherre er nye oppgåver utover virksomhetsplan for etaten. Arbeidet har starta opp, men det er behov for grunneigaravklaringar og utgreiing knytt til trafikktryggleik i området. Elles er det ikkje rapportert spesielle hendringar ut over det som allereie vart rapportert inn ved 1. tertial.

## 4. VEDTAK

Sjå vedtaksoversyn:

### 4.1 Kommunestyret:

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	37/2017	Lag og organisasjonar. Bruksrettavtaler, bruk og utleige av bygga	Delvis vedteke – deler av sake vert teke opp etter avklaringar, jfr. Skulesaka
	77/2017	Interpellasjon frå Janne Brøndbo (A) til kommunestyret 08.11.2017	Oppmoding om å ta inn elevar i språkpraksis. Det ikkje teke inn tiltak i Budsjett 2018 for å gje ungdom sommarjobb.
	82/2017	Panoramavegen - forespurnad om finansiering av vegutbetring	Prosessen med å nedklassifisere Panoramavegen til privat veg er ikkje påstarta grunna ressurser til gjennomføring. Vert jobba med juridiske avklaringar sommar 2018 – avklare rett saksgang m.m.

### 4.2 Formannskapet

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	21/2019	Norske tindeveglederes fagskole - Støtte til forprosjekt	Bruk av næringsfond – 263.000 – forutsetning positivt støtte frå Buskerud Fylkeskommune og at skolen etablerast i Hemsedal kommune.

### 4.3 Hovudutval for plan og ressurs

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	9/2018	Næringsverksemd i fellesdrift - begrepsavklaring	Sendt tilbake til adm.for nærmare avklaringar. Avventer møte med NHO, og departementet med omsyn til avkl. «felles drift». Adm. førebur eit info- opplegg mot aktuell målgruppe.

### 4.4 Hovudutval for Livsløp

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	22/2018	Søknad om tilskot til rusfrie arrangement 2018	Livsløp ber om at det vert utarbeidd retningslinjer for tildeling av midlar til rusfrie arrangement sett i samanheng med kulturmidlar
	25/2018	Meldingar til møte i hovudutval for livsløp 7.6.2018	Utvalet ber om ei orientering vedr. Transport til VGO i løpet av oktober
	3/2019	Hemsedal kommune sitt legat, utdeling av midler 2019	Administrasjonen beden om å få gjort om vedtekter

## 5. Rådmannen sine konklusjonar pr. 2. tertial

### 5.1 Medarbeidarperspektivet

Sjukefråværet er lågt i høve til dei aller fleste andre kommunane i landet. Det er eigentleg imponerande for fleire verksemder har eit særskilt høgt aktivitetsnivå.

Eit fortsatt fokus på førebygging og oppfølging av området er viktig for å kunne gje brukarane dei tenestene som dei har krav på, samt redusere belastninga for dei som er friske.

### 5.2 Økonomiperspektivet

#### 5.2.1 Løn korrigert for refusjon sjukdom og svangerskap

Verksemdene har forklaringar på meir- forbruk av løn. Pr. fyrste tertial var forbruket stort sett under kontroll, men frå mai og utover har det vore mykje meirforbruk. Rådmannen har satt i verk tiltak for å redusere meirforbruket, men det er ingen tvil om at omsorg og skuletaten kjem til å få eit dårleg økonomisk resultat

#### 5.2.2 Andre kostnader

Dei store kostnadene vil i nokon grad ha forskjellig forfall frå år til år. Det burde vere likt, men eksterne selskap har sine måtar å beregne forfall på. Det har vore lagt ned eit stykke arbeid for å periodisere budsjett i høve til kunnskap om forfall og erfaring frå tidlegare år, men dersom faktura frå andre ikkje følgjer mønster blir det vanskeleg.

Rådmannen har ikkje særskilte kommentarar til andre kostnader pr. august.

#### 5.2.3 Andre inntekter

Dei store inntektene vil i nokon grad vere lettare å vurdere år for år så lenge kommunen sjølv sender ut refusjonskrav og rekning. Ei utfordring er tilkoplingsgebyr som er avhengig av byggeaktiviteten og når bygg blir teke i bruk, samt eksterne tilskot.

Frie inntekter ligger noko over prognose, men det er marginalt i høve til tidligare år. Normalt vil ein ikkje kunne vere sikker før i desember når skattemånaden november er kjent.

Eigedomsskatt har pr. dato mindre-inntekt, men det skuldast også at Statnett AS fortsatt ikkje er fakturert i påvente av endeleg oppgjør om eigedomsskatt for perioden 2010 – 2018. Det er signal på at saka kan avsluttast i 2019, men rettssaker har ein tendens til å drøye lenger enn ein ynskjer.

Meir-inntekter som gjeld på ev. sjølvkostinntekter er inntekter som betrar netto driftsresultat. Desse inntektene har ikkje noko med normal drift å gjøre og skal setjast av til sjølvkostfond. Men, inntektene kompliserer rekneskapsbegrepa og kan fort bli tolka som at kommunen går betre økonomisk enn kva som er tilfelle.

#### 5.2.4 Investeringar

Som rådmannen har peika på tidlegare er viljen til å investere betydeleg høgare enn evna til å gjennomføre. Det er liten vits i å budsjettere store investeringar og gjere låneopptak for å finansiere desse dersom dei blir utsett.


Rådmannen har lagt opp til å finansiere fleire infrastruktur-tiltak med kapitalfond.

### 5.2.5 Forventa resultat 2019

Vi begynner å sjå konturane av korleis driftsresultatet blir for budsjettåret 2019. Indikatoren er nettoforbruk pr. august 2019 sett opp mot nettoforbruk pr. august åra før. Det vil vere ein del usikkerhet knytt til desse tala, men likevel ikkje større enn at ein kan peike på nokre signal.

Periodetal for netto driftsresultat pr. august dei same åra – negative tal er negativt netto driftsresultat:

	Netto driftsresultat pr. august:
2014	5.084.000
2015	4.250.000
2016	6.804.000
2017	5.579.000
2018	-6.883.000
2019	-9.124.000



Tala er ikkje direkte samanliknbare bakover i tid, særleg for åra 2015-2017 då det vart inntektsført store tilskot vedr. flyktninger.

Avvik frå 2018 skuldast m.a. utbetalingar til Bruøyne som vil få sin finansiering i eige sak.

Netto driftsresultat for 2019 vil truleg bli ein del dårlegare enn i 2018 på ordinær drift. Når rekneskapet blir gjort opp kan «papirpengar» som premiefond og premieavvik frå pensjonsordningane samt inntekter frå sjølvkostområdet gjøre at rekneskapen ser penare ut enn kva som er tilfelle.

Økonomisjefen pleiar å utarbeide eit justert rekneskap.

## 5.3 Spesielle hendingar

Dei einskilde verksemndene har beskrive særskilte hendingar som har hendt i budsjettåret. Desse får stå for seg sjølv, men rådmannen er særstak bekymra for meirforbruket som følgjer med. Rådmannen er vidare bekymra for at aktiviteten frå våren av er det som skal vere den nye normalen for oppvekst-sektoren og omsorgs-sektoren. Det krev i så fall meir budsjettmidlar til desse sektorane for å drifta kommunen sin definisjon av forsvarleg drift, budsjettmidlar som vi ikkje kan dekke med ordinære driftsinntekter eller ved å redusere aktiviteten tilsvarande andre stader. Vi må i så fall nytte av disposisjonsfondet til det er tomt!

Samstundes er det ein særstak optimisme m.o.t. investeringar i åra som kjem. Økonomisjefen reknar at ei investering på 100 mill. kroner krev finanskostnader på om lag 5,5-6 mill. kroner årleg med 30 års-avdragstid og eit rentenivå på – 2,1 - 2,7 % p.a. (vi betaler pr. oktober 2,4%). Dersom ikkje investeringa gir effektivisering på drift tilsvarande, eller dersom ikkje investeringa gir så stor auke i aktivitet og innflytting til Hemsedal, må finanskostnadene dekkast av ordinær drift eller ved bruk av disposisjonsfond. Dette gjeld både om investeringa er eit kommunalt behov eller om det er forskottering for fellesinvesteringar saman med næringslivet.

I tillegg vart lønsoppgjeren i 2019 eit **dyrt** oppgjer for kommunen som arbeidsgjevar, truleg eit av dei dyraste på mange år.

## 5.4 Løpende oppfølgjing av vedtak

Kommunestyret og fagutvala gjer ein del vedtak gjennom året. Desse blir følgd opp så godt som råd med dei ressursane som er tilgjengeleg. Desse er synt til i punkt 4. Ingen av avvika er definert som kritiske.

Meir bekymringsfullt er det at det blir gjort ein del ad-hoc-vedtak som får økonomiske konsekvensar for handlingsprogram og økonomiplan. Rådmannen håper at det i framtiden blir mogeleg å behandle dei store linene i samband med handlingsprogrammet og økonomiplanen, dette også med omsyn til punkt 5.3 over.